

Den norske kirke / Kirkerådet

Dato: 14.06.2017  
Deres ref.:  
Vår ref.: 2017/4471 DAGN  
Tekstansvarleg: Professor Hallgeir Elstad

### **Høyring – framlegg til nye reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet**

Det teologiske fakultet takkar for høvet til å uttale seg om høyringsframlegget til Kyrkjerådet om reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

Demokratiutviklinga i Den norske kyrkja har vore ein gradvis prosess. Særleg har den såkalla demokratireforma frå og med valet i 2009 medverka positivt. I 2014 vedtok Kyrkjemøtet nye reglar for val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. I høyringsframlegget som her ligg føre, fremjar Kyrkjerådet nye reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. Som folkekyrkje er det viktig at Den norske kyrkja står fram som ein demokratisk institusjon. Valreglar og demokrati heng saman. Fakultetet vil nytte høvet til å anerkjenne det arbeidet som Kyrkjerådet har gjort i høyringsframlegget. Dette utgreiingsarbeidet utgjer etter vår meining eit godt grunnlag for å utvikle det kyrkjelege demokratiet vidare.

TF er vesentleg samd med dei overordna synspunkta som har vore lagt til grunn for Kyrkjerådets arbeid med valreglane. Dette gjeld prinsippet om at ordningane for soknerådsval og val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet er så like som mogleg for veljaren. Fakultetet støttar òg prinsippet om at reglane for dei kyrkjelege vala blir lagt så tett opp til fråsegnene i vallova om val til kommunestyre, fylkesting og Stortinget som råd. Dermed sikrar ein ei kyrkjeleg valordning som er mest mogleg lik gjennomføringa av allmenne val.

I eit kvart demokrati, anten det er snakk om ein institusjon eller ein nasjon, er det vesentleg å ha valordningar som ikkje unødvendig kompliserte. I den gjeldande kyrkjelege valordninga er det rom for forenklingar. Dagens ordning har to sett reglar for val av sokneråd på den eine sida og val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet på den andre sida. Ikkje minst ut frå omsynet til forenkling støttar fakultetet Kyrkjerådets framlegg om slå desse to regelsetta saman til eitt sett reglar. TF er elles samd i at det er valet til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet som har det største forbetringspotensialet når det gjeld valreglane.

### **Overordna problemstillingar**

#### *Val av leke medlemmar til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet*

Etter gjeldande reglar for val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet kan valet finne stad etter to alternative ordningar (s. 11). Den eine ordninga går ut på at dei sju leke medlemmane blir valde direkte av dei røysteføre medlemmane av bispedømmerådet med direkte val. Alternativt kan fire leke medlemmar blir valde direkte av medlemmane i bispedømmerådet (direkte val), medan tre leke medlemmar blir valde av soknerådsmedlemmane i bispedømmet (indirekte val). Det er det einskilde bispedømmerådet som avgjer kva for ordning ein vil nytte.

TF meiner ei slik ordning er uheldig. For det første medverkar ho til å komplisere det kyrkjelege valet unødvendig. For det andre meiner vi at indirekte val bør avskaffast også i kyrkja, då det representerer eit



**Det teologiske fakultet**

Postadr.: Postboks 1023 Blindern, 0315 Oslo  
Kontoradr.: Domus Theologica  
Blindernveien 9

Telefon: +4722850300  
Telefaks: +4722850301  
postmottak@teologi.uio.no  
www.tf.uio.no  
Org.nr.: 971 035 854

udemokratisk innslag i valordninga. For det tredje er det problematisk på prinsipielt grunnlag å forsvare ei ordning som mogleggjer ulike regelsett, og som det er opp til det einskilde bispedømmeråd å bestemme. Dette rårar eit likskapsprinsipp, som ein vil meine er vesentleg i ei kvar demokratisk valordning. Fakultetet vil derfor rå til at valreglane berre kan innehalde ei ordning her – og det er direkte val. Dermed går fakultetet inn for alternativ to i høyringsutkastet: Direkte val av alle dei leke medlemmane (s. 14). Dette er etter vårt syn den enklaste og samstundes den mest demokratiske ordninga.

#### *Fleirtals- og høvetalsval ved val av leke medlemmar til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet*

Kyrkjelova gjer det klart at valet av leke medlemmar skal skje som fleirtals- eller høvetalsval. Etter den gjeldande ordninga skal det året før valåret (innan 15. desember) oppnemnast ein nominasjonskomité med prostivis representasjon. Nominasjonskomiteen arbeider ut ei kandidatliste som blir sendt til valrådet innan 1. mars i valåret. Dette er å oppfatte som ei mellombels kandidatliste, som blir kunngjort *før* det blir opna for at andre kan stille kandidatlistar (innan 1. mai i valåret). Lister frå andre enn nominasjonskomiteen må ha underskrifter av minst 150 røysteføre frå minst tre ulike sokn i bispedømmet. Ikkje meir enn halvparten av underskrivarane kan kome frå same sokn, og lista skal innehalde minimum sju og maksimum 18 namn i prioritert rekkjefølgje. Dersom det ikkje blir stilt lister frå andre grupperingar, blir det opna for supplerande nominasjon til lista frå nominasjonskomiteen.

Gjennomføringa av kyrkjevalet i 2015 synte at den gjeldande ordninga har ein del svake sider. Høyringsnotatet peikar mellom anna på det uheldige i at listene som stiller til val har ulike utgangspunkt og dessutan at listene skal fremjast til ulike tidspunkt (s. 15). Dette gjev grunnlag for ”asymmetriske lister” – som klart er eit demokratisk problem. Av dei alternative løysingane som det blir gjort framlegg om i høyringsnotatet, støttar fakultetet alternativ 4: Ordning med utgangspunkt i fleire sjølvstendige lister, utan ein nominasjonskomité – intensjonsfrist og liste frist (s. 18-19). Fordi dette er ei ordning utan nominasjonskomité, løyser ho dermed utfordringa med asymmetriske lister – med mindre det ikkje blir godkjend nokre listeforslag i det heile. Då blir det i tilfelle oppnemnd ein nominasjonskomité som arbeider ut ei brei kandidatliste. Fakultetet vil dessutan streke under som ein fordel ved dette alternativet at det blir gjeve ein open invitasjon til ulike grupper om å stille lister, til beste for eit ope og levande kyrkjeleg demokrati. Dersom det blir fremja fleire lister, noko som bør vere målet, gjev dette alternativet veljarane klarare alternativ å velje mellom.

#### *Tilskottsordning for å finansiere nominasjonsgrupper*

Fakultetet ser behovet for å skipe til ei tilskottsordning for lister ved kyrkjeval. Dette kan medverke til å sikre rammevilkåra for eit kyrkjelege demokrati som er aktivt og levande. Eit vesentleg poeng med ei tilskottsordning bør vere at ho kan gjere det mogleg for lister og kandidatar til å gjere standpunkta deira kjende. Slik vil det vere ei viktig hjelp for veljarane å kunne ta eit medvite val om kven dei ønskjer å røyste på i valet. Fakultetet er samd i at det blir skipast til ei støtteordning som gjer at alle – ikkje berre dei som sit med mandat i Kyrkjemøtet – og som har rett til midlar, får økonomisk støtte på same nivå.

TF vurderer her alternativ 1 i høyringsdokumentet som det mest føremålstenlege. Dette er ei tilskottsordning som er delt i to fasar, ein nomineringsfase og ein valfase. Medan den første fasen uløyse ei intensjonsstøtte (etter ein intensjonsfrist), utløyser den andre fasen ei listestøtte (etter fristen for å stille lister). Eit vesentleg poeng med dette alternativet, slik TF ser det, er at ein får rett til slik støtte ut frå visse vilkår. Dei konkrete beløpa som er omtala i framlegget, synest fornuftige. Fakultetet er òg samd i at det førebels er rimeleg å avgrense tilskottsordninga til valet av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet og til dei kyrkjelydane der det er fleire lister.

### *Personvalreglar*

I høyringsdokumentet blir det drøfta om det bør innførast sperregrense ved val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. Føremålet med sperregrense er at det vil vere naudsynt med større oppslutnad blant veljarane for å kunne endre rekkjefølgja enn om ein ikkje hadde slik grense. Dermed vil ein motverke at mindre kumuleringsaksjonar kan få for stor påverknad på valresultatet. Fakultetet meiner på dette grunnlaget at sperregrense med krav om fem prosent personleg røystetal bør vurderast.

Vidare vil fakultetet ikkje rå til at ei ordning med røystetillegg blir innført ved dei kyrkjelege vala. Vi tenkjer at det er vesentleg at veljarane får mest mogleg innverknad gjennom valet.

### *Valkrinsar og røystekrinsar*

I følgje kyrkjelova blir kyrkjeleg røysterett utøva i det soknet der ein er registrert busett. Det er tilgjenge til røyste på førehand i det soknet der ein mellombels oppheld seg (før 1. september). Høyringsnotatet stiller spørsmål om det bør vere mogleg å røyste på sokn i heile kommunen på valdagen. Dette er ein parallell til dei allmenne vala. Ein kan røyste på førehand i andre kommunar enn der ein er busett, men på sjølve valdagen kan ein berre røyste i den kommunen der ein er manntalsført. Høyringsnotatet peikar på at når veljarane kan røyste på valet til kommunestyre og fylkesting i heile kommunen, vil det vere naturleg at dei òg forventar at dei kan røyste ved val til soknet same stad. Fakultetet meiner at reglane på dette punktet bør endrast, slik at det blir høve til å røyste i alle sokna innanfor fellesrådsområdet, dvs. kommunen, på valdagen. Det vil vere rimeleg at ein òg kan røyste på bispedømmeråd og Kyrkjemøtet i andre sokn enn der ein er manntalsført. Gjennom ei slik endring legg ein betre til rette for deltaking i det kyrkjelege valet, og venteleg vil det kunne medverke til at fleire røyster.

### **Innleiing til reglane, røysterett, kven som kan veljast, valorgan m.v.**

#### *Kven som kan veljast*

Dei drøftingane og vurderingane som blir gjort i høyringsnotatet når det gjeld kven som kan veljast til ulike kyrkjelege organ synest fornuftige og rimelege.

Når det gjeld kven som kan veljast og har rett til å kome med framlegg og røyste på geistleg representant i bispedømmeråd og Kyrkjemøtet, etterlyser fakultetet ei nærare drøfting av situasjonen til dei som er ordinert til presteteneste, men utan å vere i prestestilling. Til dømes vil dette gjelde tilsette i vitskaplege stillingar ved eit teologisk fakultet og som samstundes er ordinerte. Slik ordninga er i dag, kan dei verken stille til val som geistleg representant eller røyste på geistleg representant. Reint formelt blir dei i den kyrkjelege valordninga oppfatta som leke. Samstundes kan ein oppleve at det blir problematisert dersom ein som ordinert, men utan å vere i prestestilling, skulle stille som lek representant. Ein kan då bli oppfatta som geistleg og dermed ikkje valbar som lek representant. I praksis inneber dette langt på veg at ordinerte prestar som ikkje er i prestestilling ikkje blir rekna som valbare verken som geistleg eller lek representant. Dette er eit tilhøve som fakultetet meiner Kyrkjerådet burde ha drøfta nærare i høyringsnotatet. Elles støttar vi framlegget frå Kyrkjerådet om å tydeleggjere reglane om kven som er valbare, mellom anna gjennom å samle alle reglane om dette i eit felles kapittel.

### **Val av medlemmar til sokneråd og av leke medlemmar til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet**

Fakultetet finn dei vurderingane som er gjort i denne delen av notatet rimelege. Ein er samd i at det er behov for å tydeleggjere regleverket når det gjeld listenamn med vidare, ikkje minst ut frå røynselene ved siste kyrkjeval i 2015. Når det gjeld nominasjonsgrupper si registrering av gruppenamn, må det vere sjølvsagt at det ikkje kan vere mogleg å endre listenamn under valprosessen. Ordninga det er gjort framlegg om i notatet

med å søkje Kyrkjerådet om å registrere gruppenamnet, noko som inneber at nomineringsgruppa frå einerett til å stille vallister under det registrerte namnet ved det aktuelle valet.

Ein tenkjer det er rimelig at ordninga med supplerande nominasjon ved fleirtalsval i dei tilfelle det berre er ei liste, blir ført vidare. Men ein ser ikkje behovet for dette når det blir stilt fleire lister ved val til bispedømmeråd og til Kyrkjemøtet. Fakultetet går i utgangspunktet i mot ei ordning med nominasjonskomité i samband med val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. Berre dersom det eventuelt ikkje skulle blir stilt liste av andre, trer ein nominasjonskomité i funksjon. Det synest rimeleg å føre vidare ordninga med suppleringsval i samband med soknerådval, då det er sjeldan at det her stiller fleire lister.

Ut frå ei ressursmessig vurdering kan det vere vanskeleg å få til ei ordning med førehandsrøysting på linje med det som er praksis i dei allmenne vala. Samstundes er det viktig at valstyret legg til rette for førehandsrøysting i det omfanget som er mogleg. Fakultetet støttar at det i reglane blir presisert at det som eit minimum skal gjennomførast førehandsrøysting på minst eitt kyrkjelydskontor i fellesrådsområdet i opningstida. Ei slik minimumsordning for førehandsrøysting bør etter fakultetets mening vere eit absolutt krav i alle fellesrådsområde.

Fakultetet støttar elles framlegget om – i forkant av 2019-valet - å greie ut spørsmålet om røysting over internett i perioden for førehandsrøysting. Ei tilfredsstillande løysing for IT-val ville mest truleg kunne ha god verknad på valdeltakinga. Men her må det sjølvsagt òg gjerast økonomiske vurderingar.

### **Val av andre representantar til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet**

Kyrkjerådet gjer her framlegg om i hovudsak å føre vidare dagens reglar når gjeld val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. Fakultetet er samd at veljaren berre skal kunne røyste på ein kandidat i dei respektive vala.

Med hilsen

Aud V. Tønnessen  
dekan

Dag Myhre-Nielsen  
Fakultetsdirektør

Dette dokument er godkjend elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Sakshandsamar:  
*Dag Myhre-Nielsen*  
+4722850309, [dag.myhre-nielsen@teologi.uio.no](mailto:dag.myhre-nielsen@teologi.uio.no)